

## **Saksprotokoll i Hovudutval for kultur, idrett og integrering - 17.11.2021**

Utvaleiar bad medlemmene vere merksame på innhaldet i eigarskapsmeldinga vedtakspunkt 3. Selskapa omhandla i vedtakspunkt 3 hadde partsstatus i saka. Ingen av medlemmene i hovudutvalet var medlem i styre omhandla i punkt 3, og var såleis ikkje inhabile.

### **Avrøysting**

Fylkesdirektøren sitt forslag vart samråystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Vestland fylkeskommune vedtek Eigarskapsmelding for Vestland fylkeskommune 2021, Del I, slik han føreligg.
2. Fylkestinget tek til vitande status når det gjeld avviklinga av eigarskapen i Sarsia Development AS, HFK Tomt Knarvik AS og Lutelandet Utvikling AS.
3. Fylkestinget ber fylkesdirektøren starte prosess for avvikling av fylkeskommunen sin eigarskap i Atheno AS, Framtidsfylket AS, Gulen og Masfjorden Utvikling AS og Skyttel AS.
4. Vestland fylkeskommune vidarefører eigarskapen i følgjande selskap: Grieghallen IKS, TH Eigedom IKS, Vigo IKS, Kommunekraft AS, Sogn og Fjordane Holding AS, Valen kraftverk AS, Fjord Invest Såkorn AS, Fjord Norge AS, Innovasjon Norge, Kunnskapsparken Vestland AS, Njøs Frukt- og bærcenter AS, Sogn og Fjordane Fondet AS, Beredt AS, Gløde AS, Hardanger AKS AS, In Via AS, Kveik AS, Opero Holding AS, Origod AS, Sogneprodukt AS, Bybanen AS, E134 Haukelivegen AS, Ferde AS, HFK Bussanlegg AS, Sunnhordland Lufthavn AS, Bergen Vitensenter AS, Campus Verftet AS, Opplæringsfartøy AS, Vitensenteret i Sogn og Fjordane AS, Carte Blanche AS, Den Nationale Scene AS, Det Vestnorske Teateret AS, Idrettsklynge Vest AS, Moster Amfi- og kyrkjehistoriske senter AS, Moster 2024 AS, Norsk Fjordhestsenter AS, Teater Vestland AS og Vestnorsk filmsenter AS.
5. Vestland fylkeskommune vidarefører deltakinga eller medlemskapet i følgjande interkommunale råd, kommunale oppgåvefellesskap og samvirkeføretak: Nasjonal digital læringsarena (NDLA), Vestlandsrådet, Kommunearkivordninga i Vestland kommunalt oppgåvefellesskap, Kommunearkivinstitusjonenes digitale ressurssenter SA, Bibliotekentralen SA og Sinjarheim SA.